

# Kontrollutval i nye Sunnfjord kommune

Informasjon ved kontrollutvala i dei 4  
kommunane


## Tema

Innleiing	Ole Erik Thingnes
Presentasjon av kven som møter	
Kontrollutvalet - kven er vi og kva gjer vi...?	
Organisering av kontrollutvalet sitt arbeid	Terje Engvik
Kontrollutval - sekretariat - revisjon - administrasjon	
SEKOM-sekretariat	
Forvaltningsrevisjon i inneverande periode	Arnar Helgheim
Noko å lære til den nye kommunen?	
Overordna analyse om Sunnfjord kommune	
Frå revisor sitt perspektiv	Terje Førde
Risiko i prosessen	
KRYSS Revisjon	
Avklaringar	

## Vi som møter

- Ole Erik Thingnes
  - Leiar i Naustdal kontrollutval
- Torbjørg Grimsbø Eskeland
  - Leiar i Jølster kontrollutval
- Jarl Tyssekvam
  - Nestleiar i Gaular kontrollutval
- Terje Engvik
  - Nestleiar i Førde kontrollutval og styreleiar i SEKOM-sekretariat
  
- Arnar Helgheim
  - Dagleg leiar i SEKOM-sekretariat
- Audhild Ragni Vie Alme
  - Rådgjevar i SEKOM-sekretariat
- Terje Førde
  - Revisjonssjef / dagleg leiar i KRYSS Revisjon

## Kontrollutvalet si rolle



## Både kontroll og hjelp!

- Kontrollutvalet er ein ressurs for folkevalde og administrasjon:
  - Uavhengig rolle
  - Finne forbetringpunkt i organisasjonen
  - Sette fokus på saker / område og gi «ryggdekning» for leiinga til endring i organisasjonen
  - «Lyttepost» i lokalsamfunnet
  - Gi kommunestyret tryggleik for at kommunen yter det ein skal

## Risikovurderingar

- Risikovurderingar ligg i botnen for kontrollutvalet sitt arbeid.
- Påverkar arbeidet med å rigge ein ny kommune risikobildet?
  - Lage ein ny kommune
    - Risiko for at den nye kommunen vert «mislukka»..
    - Risiko for at arbeidet tek fokus frå dagens kommune..
  - Dagleg drift
    - Dagens kommunar skal levere som før ut 2019..
    - Ingen «lempingar» på krav som gjeld, men greier ein å halde fokus på den «kjedelege drifta»?

## Verktøykassa...

- Rekneskapssaker
  - Formidla frå revisor og regelstyrt
- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
  - Kontrollutvalet tingar jf eigen plan
- Andre arbeidsformer.:
  - Be rådmannen om å informere
  - Be revisor om å undersøke og levere rapport
  - Be sekretariatet hente inn aktuelle dokument

## Tilsyn med internkontroll

- Ved samanslåing av fleire kommunar, er det truleg fleire utfordringar enn i ein normal driftssituasjon..
  - Ulike system?
  - Ulik organisering?
  - Ulike kulturar?
  - Ulik forståing av begrep?
- Kanskje er det også ulik politisk forståing / interesse for internkontroll..?

## Kven er Kontrollutvalet, *eigentleg?*

- Kontrollutvalet er den **eleven** som stadig rekk opp handa. Som stadig må ha hjelp til å forstå, og som uroar læraren i arbeidet.
- Vi er **forelderen** som alltid tek ordet på foreldremøtet og «har nokre spørsmål...»
- Vi er **lærlingen** som treng ALT inn med teskei, gong etter gong!
- Vi er det nyskjerrige **matrosen**, som stadig legg seg opp i navigeringa, og nappar i roret. «*Krokete ror gjer lang fjord*», brukar far min seie.
- Vi **inviterer** stadig Rådmannen og Ordføraren til å **orientere** oss om ting vi lurar på, som om ikkje dei har nok å gjere?
- Men, kontrollutvalet er som dei fleste urokråkene, berre misoppfatta **talent**. Sett i feil bås, i alle fall i fylgje oss sjølv.
- «Kontrollutvala er kommunen sitt mest sexy utval». Vi er på ein måte rockestjerna i den kommunale forvaltinga. **We shake things up!**

## Kva er det so vi bidreg med?

- Kontrollutvalet er **kvalitetssikringsorganet** i kommunen. Det er vår oppgåve å kike forvaltinga i korta, sjå at kommunale selskap vert drive etter intensjonane, sjå at vedtak vert følgde, og sikre revisjon av dei **rette** områda. «Ja, det er vi som slepp laus revisoren».
- Vi kvalitetssikrar den kommunale forvaltinga.
  - Finnast der til dømes noko større **ære**, enn når revisoren har vore på besøk, og ikkje har nokon kommentar? Om nokon har opplevd det meiner eg?
- Ikkje so sexy? Jauvist!
- Kor kul hadde **Kongen** vore utan **Sikkerhetsavdelingen**?
- Kor kul hadde **Trump** vore utan **Cohen**?
- Kor kul hadde **Justin Bieber** vore utan livvakta si «Justin Case»?
- Jaja, eg kjem til poenget, straks.

- Poenget mitt er at Kontrollutvalet kanskje er noko misoppfatta, og gløymd når fotballaget skal takast ut, men vi er ikkje mindre viktige.
- Kontrollutvalet si oppgåve er ikkje å **plage Rådmannen, eller Ordføraren**, eller nokon andre, men å hjelpe forvaltninga til å gjere ein betre jobb. Avdekke ressursbehov. Vi er «**Lille speil på veggen der....**».
- **Kvifor vi er her i dag?**
  - For at de skal hugse oss.
  - For at de skal sjå kva vi kan bidra med i den enorme omorganiseringa de er i gang med.
  - For å legge våre haud på hoggestabben i lag med dykkar.
  - 4 kommunar skal verte 1, då trengs der ei **rockestjerne** på laget.
  - Dei 4 kontrollutvala stiller sine ressursar til disposisjon, for å hjelpe dykk med å finne løysingar for den nye kommunen.
  - Vi har med oss verdas beste revisorar, og ein stab med umenneskeleg motiverte sekretærar.

## Informasjon om fellesnemnda til KU

- Kontrollutvala får innkalling og møtebok for fellesnemnda.
- KU følgjer med på dei vedtak som er gjort, men vurderer ikkje politiske avgjerder.
- Vert vedtak i fellesnemnda gjort etter gyldig heimel?
  - Etter inndelingslova?
  - Etter delegering frå noverande kommunar?

## Val av revisor og sekretariat

- Konkrete saker som kontrollutvalet førebur:
  - Val av revisor for den nye kommunen.
  - Val av sekretariat for kontrollutvalet i den nye kommunen.
- Begge sakene skal førebuast med tilråding frå kontrollutvala.

## **ORGANISERING**

## Roller


- Frå 2004:
  - Kontrollutvalet med alle tilsynsfullmakter frå kommunestyret
  - Uavhengig sekretariat for kontrollutvalet
  - Uavhengig revisjon
  - Skilje mellom revisjon og sekretariat kom i 2004
- Alle dei 4 kommunane som blir Sunnfjord kommune er eigarar i
  - SEKOM-sekretariat
  - KRYSS Revisjon

## SEKOM-sekretariat

- 15 eigarkommunar
- Starta 1.1.2005 med 11 kommunar i ytre Sogn og Sunnfjord
  - Dei same som eig KRYSS Revisjon
- Utvida 1.1.2010 med 4 kommunar i indre Nordfjord



## Endringar påverkar SEKOM



(Kartgrunnlag frå Kartverket)

-  Selje + Eid = Stad
-  Vågsøy + Flora = Kinn
-  Hornindal + Volda = Volda
-  Gaular + Jølster + Naustdal + Førde = Sunnfjord

## Kommunar som vert endra

Ny kommune	Samanslått av	Sekretariat i dag
Stad	Eid	SEKOM-sekretariat
	Selje	Vest Kontroll
Volda	Hornindal	SEKOM-sekretariat
	Volda	Vest Kontroll
Kinn	Flora	SEKOM-sekretariat
	Vågsøy	Vest Kontroll
Sunnfjord	Førde	SEKOM-sekretariat
	Gaular	SEKOM-sekretariat
	Jølster	SEKOM-sekretariat
	Naustdal	SEKOM-sekretariat

## INNEVERANDE PERIODE

### Førde kontrollutval

- Tilpassa opplæring / spesialundervisning
  - Handsama i bystyret hausten 2017. Forbetringsarbeid:
    - *Grunngjeving av vedtak (spesielt ved avvik frå PPT-tilråding)*
    - *Vurdere å registrere gjennomføringa av enkeltvedtak*
  - Fekk informasjon frå rådmannen om oppfølging 5.4.18
- Vedlikehald av kommunal eigedom
  - KRYSS Revisjon leverer rapport innan 1.5.2018
- Oppdrag frå bystyret om gjennomgang av saka om framføring av røyr til fjernvarme
  - SEKOM-sekretariat levere rapport innan 15.8. Bystyrehandsaming i september.

## Gaular kontrollutval

- Sårbarheit i organisasjonen
  - Handsama i kommunestyret hausten 2017:
    - Oppdatere og sikre bruk av internkontrollsystem
    - Dobbelkompetanse i einingane
- Samhandlingsreforma
  - KRYSS Revisjon leverer rapport innan 1.5.18
- Barnevern
  - Legg opp til bestilling av rapport med vekt på handsaming av bekymringsmeldingar

## Jølster kontrollutval

- Eigarskapsstrategi / oppfølging
  - Handsama i kommunestyret desember 2016:
    - Oppdatering, konkretisering og rydding i eigarmelding
    - Opplæring av eigarrepresentantar
- Oppfølging av kontraktar
  - Handsama i kommunestyret desember 2017:
    - Samle rutinar, lage rutinar ved kontraktsbrot
    - Avtale om servicenivå for SYS IKT
- Etikk og organisasjonskultur
  - KRYSS Revisjon leverer rapport innan 15.10.18

## Naustdal kontrollutval



- Kvalitetssystem og internkontroll
  - Vert handsama i kommunestyret i vår.
- Forbetningsarbeid:
  - Sikre oppfølging av avvik
  - Arbeide med kultur og kunnskapsnivå
- Investeringsprosjekt
  - KRYSS Revisjon leverer rapport innan 15.11.18

## Overordna analyse

- Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for Sunnfjord kommune skal vedtakast innan utgangen av 2020.
- Eit viktig grunnlag for planane er ei overordna analyse med vekt på vurderingar av risikoar.
- Arbeidet med overordna analyse startar midt i 2019.

## FRÅ REVISOR SITT PERSPEKTIV





## Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i samanslåingsperioden ?

- Pkt. 4.8 i sjekklista:
- «I kommuner som vil bli berørt av kommunereformen, bør tidshorizonten og innhold i overordnet analyse og plan for forvaltningsrevisjon vurderes. Det bør vurderes hvilke forvaltningsrevisjonsprosjekter som vil være mest relevante i en slik situasjon. Kontrollutvalgene bør i denne fasen også vurdere andre kontrollvirkemidler som f.eks. orienteringer fra rådmannen og virksomhetsbesøk.»
- Pkt. 4.9 i sjekklista:
- «I stedet for ordinær selskapskontroll for kommuner som går inn i sammenslåingsprosesser, vil det vere aktuelt for kontrollutvalget å ha fokus på kommunens strategi med sine forskjellige interkommunale samarbeidsløsninger; jfr. KMD veileder «Formelle rammer i byggingen av nye kommuner», pkt. 4.4.3.»



## Tilsyn og kontroll med Fellesnemnda

### sitt virke

- Fellesnemnda får ulike tilskotsmidlar frå Staten
- Det skal gjerast greie for middelbruken
- Det er ingen spesielle reglar for rekneskapsføring, rapportering, m.v.
- Generelle reglar om kommunalt rekneskap, budsjett, årsberetning er i all hovudsak gjeldande, > må tilpassast korleis fellesnemnda organiserer seg
- Årleg rapportering rekneskap og evaluering pr. 31.12., med revidert rekneskap og særskild særattestert/revisjonsrapport.
- Årsrekneskap handsamast av Fellesnemnda
- Årsrekneskapen for Fellesnemnda for 2019, handsamast av det nye Kommunestyret i den nye samanslåtte kommunen, innan 30.06.2020
- KMD/Departementet/Fylkesmannen kjem med nærmare føringar

Vi har undersøkt litt, og kan ikke se at vi har fått dette spørsmålet tidligere. Inndelingsloven gir heller ikke svar på spørsmålet. Vårt beste råd i denne omgang er veiledningen om hva kontrollutvalg skal gjøre overfor vertskommunesamarbeid, her: <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/vedlegg/komm/veiledere/vertskommunemodellen.pdf> Dette kan være veiledende for kommunene også i dette spørsmålet. Det er jo også mulig at kommunene kan ha avtalt noe om kontrollutvalgenes forhold til fellesnemnda.

**KMD**

(06.04.2018)



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

... brukes analogt så langt det passer lokale forhold

Veileder

Vertskommunemodellen  
i kommuneloven § 28 a flg.



#### 8.4. Kontrollutvalget

Et vertskommunesamarbeid er en del av virksomheten til den kommunen som er vertskommune for samarbeidet. Kontrollutvalget i (verts)kommunen skal derfor etter de vanlige reglene i kommuneloven § 77 føre løpende tilsyn også med den delen av virksomheten i kommunen som dreier seg om saker som er delegert fra de andre kommunene i samarbeidet.

Kontrollutvalget i *samarbeidskommunen* skal ikke føre tilsyn med den interne driften i vertskommunen. Det følger imidlertid av reglene for samarbeidsavtalen at avtalen skal inneholde bestemmelser om underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen. Disse opplysningene har kontrollutvalget i samarbeidskommunen full innsynsrett i. På grunnlag av opplysningene kan kontrollutvalget for eksempel undersøke om samarbeidet skjer innenfor rammen av det som er avtalt. Opplysningene vil også være viktig for å kunne vurdere om samarbeidet er egnet til å realisere de målsetningene kommunestyret har satt for samarbeidet.

**AVSLUTNING**

## Val til kontrollutval (når den tid kjem)

- Klipp frå anbefalingar frå FKT og NKRF ved valet i 2015:
  - *Husk at kontrollutvalget skal velges på konstituerende møte som første utvalg etter formannskap/fylkesutvalg*
  - *Sats på et kontrollutvalg med minst 5 medlemmer (truleg krav i ny kommunelov)*
  - *Husk at minst ett av medlemmene i kontrollutvalget skal velges blant kommunestyre-/fylkestingsmedlemmene*

## Val til kontrollutval (2)

- *Kommunens egne ansatte (uavhengig av stillingsbrøk) er ikke valgbare til kontrollutvalget. Dette gjelder også som varamedlem.*
- *Unngå å velge kontrollutvalget sine medlemmer inn i styret i revisjonsselskap*
- *Unngå å velge ledere eller styremedlemmer i selskap der kommunen har eierdeler inn i kontrollutvalget*

## Val til kontrollutval (3)

- Eit par andre erfaringar om val til kontrollutval:
  - Sikre kontinuitet ved at det sit nokon som også var med i førre periode
  - Bør kontrollutvalsleiar vere kommunestyremedlem?
    - Lovkravet er at ein medlem skal vere i kommunestyret
    - Samhandling og informasjonsutveksling mellom kontrollutvalet kom oppdragsgjevar (kommunestyret) vert enklare om leiaren sit i kommunestyret.

**-TAKK FOR OSS!**